

**Festivalen 6. og 7. august neste år**

**12.10.2009**



Sveinung M. Pile - står på for den neste Festidalen.

**Neste år blir Festidalen avvikla fredag 6. og laurdag 7. august, melder festivalleiinga. Festivalchef Sveinug M. Pile står på for ein ny festival sjølv om han flyttar til Bergen og lovar ein frisk oppfølging av årets kjempesuksess.No byrjar dei å jobba med program og innhald.**

Det viktigaste er å få på plass organisasjonen og dei frivillige og gjerne nokon som kan engasjerast for å avlasta arrangørane litt. Det økonomiske vil truleg vera klårt allereie før jul, opplyser Pile til innsida.no

Festidalen sit med eit godt overskot frå i år, men det går hovudsakeleg med til å dekkja underskotet frå 2007.

- Men me har litt pengar igjen og dei vil mellom anna bli brukt på å reisa rundt på andre musikkarrangement. Det er viktig både for å få konkrete idear om band og for å sjå korleis andre gjer det og løysar ting, seier Pile.

Av Ola Matti Mathisen



Kaizers Orchestra i aksjon under årets Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)